

Tilrettelegging boksamling Voss gymnas

Eirik Helleve, 1.9.2016

Dei vidaregåande skulane på Voss skal omstrukturert. I det høvet vart Hardanger og Voss museum invitert med på synfaringar på alle skulane som skal leggjast ned, og me tok med oss gjenstandar frå alle skulane me var innom. På Voss gymnas vart det snakk om ei stor boksamling, som då stod lite tilgjengeleg for elevar og tilsette. Leiinga ved gymnaset ynskte ikkje å halda denne ved like, og på spørsmål frå fylket sa museet at me kan ta over samlinga. Samlinga vart difor flytta til Voss folkemuseum, som er ei av avdelingane til Hardanger og Voss museum.

Det er ei svært innhaldsrik boksamling. Det var ikkje lett å måla nøyaktig kor omfangsrik samlinga er, då det mange hyller stod bøker i to eller tre lag, pluss at nokre stader låg bøkene stabla i haugar. Me rekna oss fram til om lag 180 hyllemeter bøker. I denne samlinga er der nokre gåver og større bokkjøp. Det største er boksamlinga etter Olaf Olafsen, som er på rundt 4000 band, og som Voss landsgymnas kjøpte rundt 1930. Olafsen var teolog og lokalhistorikar, og hadde verdfulle bøker frå ei rekkje andre fagfelt. Vidare er der ei mindre gåve frå Torkjell Mauland, som var av dei tidlege målmennene, og som hadde mange bøker av tidlege nynorskforfattarar. Boksamlinga er elles prega av interessene til lektorane ved landsgymnaset – det er mykje historie og lokalhistorie, det er mykje språk, og det er mange tidsskrift. Så må det òg nemnast at der er bøker som ikkje har like stor interesse i eit museumsbibliotek – her er til dømes ei rekkje bøker på andre språk, og det er bøker som er lite etterspurde her.

På Voss gymnas har bøkene stått i låste bokskåp, og på eit lagerrom på loftet. Dei har altså vore lite tilgjengelege for dei tilsette, og ikkje tilsette for elevane i det heile. Når bøkene no vart flytta til museet vart dei igjen tilgjengelege for alle. Voss folkemuseum har ikkje utlånsbibliotek, men alle er velkomne til å bruka boksamlinga vår her på huset. Å ha gamle bøker og avis- eller tidsskriftårgangar tilgjengeleg er ein verdi som ikkje kan undervurderast. Desse bøkene vil vera her heile tida, og det er ei meir brukarvenleg løysing enn å låna bøker inn frå andre bibliotek.

Før me kjem så langt, må bøkene på plass i hyllene, og dei må registrerast. Me har bygd om biblioteket vårt og sett inn kompaktreolar (rullearkiv). Det var eit nødvendig inngrep, som gjer at me får hylleplass nok til denne samlinga.

Flyttinga av boksamlinga er i gang. Samlinga stod altså fordelt på to rom, og me brukte nokre dagar i skuleferien til å pakka alle bøkene i øskjer. I samråd med leiinga ved gymnaset flytta me alle øskjene som stod i bokskåp i eit klasserom, medan dei resterande, som altså står på eit loft, vart flytta hit etter haustferien. Då får me hjelp av ein gymnasklasse til delar av arbeidet.

Øskjene tek stor plass, og det er ikkje noko god løysing å ha bøkene ståande nedpakka til me kjem i gang med sjølve registreringsarbeidet. Me grovsorterer difor bøkene, og plasserer dei i

hyllene etter kvart. Det kan ikkje verta noko permanent løysing, men det gjer det likevel mogleg å bruka boksamlinga alt no.

Det er vanskeleg å estimera kor lang tid det vil ta å registrera samlinga. Me har dei siste åra vore knytt til Voss bibliotek, og har registrert bøker som om me skulle vera ein filial under dei, i Bibliofil. Kor lang tid me bruker på kvar bok heng saman med om bøkene alt er registrerte av andre bibliotek som nyttar det same systemet; skal bøkene registrerast frå botnen av tek det lengre tid. Me reknar med at det kan vera snakk om rundt to årsverk.

Når bøkene er på plass, og når me er godt i gang med registreringa, vil me marknadsføra boksamlinga flittig. Både gjennom egne og andre nettsider vil interesserte verta kjend med at samlinga er her, slik at me vil dra til oss historieinteresserte frå heile fylket, og kanskje frå eit endå større område. Slik me skriv over, har det ein eigenverdi å kunne bla i bøkene, og å vita at dei heile tida er tilgjengelege.